

# BREISÅS

## HÅSÅRUDHÅTTEN

Søraust i Bø ligg det dominerande høgdedraget Breisås som er eit turområde for både Bø, Sauherad og Nome. Her er ulike skogtyper, åsar, myrar, tjønнар, våpenslepp frå krigens tid, ulike kulturminne som husmannsplassar, koparkisgruve og ikkje minst Håsårudhåten med gravhaugar, holvegar, kolgroper og -miler.

Tilkomsten er god frå mange stader, Torstveit/Lia, Kåsinjordet/Maurtuva barnehage. Steinfylliga og Studentheimen parkeringsplass der du står nå.

Turen går ofte opp til Åstjønn (338 moh.). Ein lettare tur er på flatare stiar på Venås mot Staurheim og Torstveit.

**Åstjønn.** Turen går langs Bordvegen over Venås til Midlingløypa. Følg denne eller tømmervegen forbi Steinskotet mot høgda med flott utsyn mot Lifjell. Du ruslar i lett terreng mot Åstjønn med bade- og rasteplassar og trytefiske for ungane.

Turlagets "postkasse" er på nordsida av tjønna. Tidleg på vinteren er det skeising på isen. På heimturen stansar vi ved husmannsplassen Åsen på Åsjordet. Ca. 1910 flytta siste husmannsfolket frå plassen.

Så kan du følgje den velbrukte - kanskje den eldste stien – nedover med utsyn mot Seljordsskaret, Bø-bygda og Lifjell. Du kjem forbi Petterskås der skogsvegar møttest i gamal tid, både frå Gamlestul, Flitastul og Åsen.



Venås mot Staurheim (Foto Berit Bø)

**Store Damtjønn, Holmtjønn, Børteputten, Svarttjønn.** Vil du dra lenger innover i Breisås, kan du gå på blåmerka sti på nordsida av Åstjønn, forbi "postkassa" til Store Damtjønn der du følgjer stien sørover



til Holmtjønn. Her var det liv i lufta under krigen med våpenslepp i februar 1945. Lagerplassen for våpna finn vi i ei steinhole borte ved Børtehytta, som ligg på brinken bratt opp for Børte-gardane. Herifrå er det greitt å ta seg ned traktorvegen, og på stiar i Staurheimskogen mot Venås og Roegrenda.

Ein annan tur frå Åstjønn er å gå forbi Svarttjønn - eit mørkt trollauge djupt der nede. Litt lenger framme møter du eit løypekryss der stien tek av til Bø, ned "Midlingløypa" i Staurheimskogen mot Venås til parkeringsplassen.



Bål plass ved Damtjønn (Foto:Arne Hjeltnes)

**Griseryggen.** Frå løypekrysset kan du gå forbi Børteputten og Holmtjønn og vidare på stien aust for Raudmyrane til Griseryggen, som er eit mål for dei som vil ha ein lengre tur. På stien finn du vegvisar i retning Kringletjønn, og derifrå er det traktorveg til Gvarv. Griseryggen er det høgaste punktet i Breisås (438 moh.) med storslåtte utsyn mot Drangedal, Lunde og Bø. Her har turlaget "postkasse". Tilbaketuren kan gå på merka sti vest for Raudmyrane, forbi Skrotteputt og fram til "Midlingløypa". På vegen kryssar du stien til Børtehytta. Når det er det bra med snø om vinteren er det oppkjørte skispor her.

### Kort rundløype til Åstjønn

Turlengd: Ca 7 km. Gåtid opp og ned: 2 timar

Høgdeforskjell: Ca 190 m

Vanskegrad: litt bratte stigningar i øvre del.

### Lengre rundløype via "Midlingløypa" til Åstjønn

Turlengd: Ca 8,5 km. Gåtid opp og ned: 2,5 – 3 timar

Høgdeforskjell: Ca 200 m.

Vanskegrad: småkupert og nokre lettare stigningar

### Griseryggen

Turlengd: Ca 15 km att og fram. Gåtid att og fram: 4 – 5 timar.

Høgdeforskjell: Ca 280 m

Vanskegrad: småkupert med litt bratte stigningar,